



Folkemøte - kommunereform Nytt sidan sist

Jonsvoll 12.05.2016

Tilleggsavtale med Granvin og Kvam/Jondal

- ▶ Granvin vil vere eit av fleire sentra i den nye kommunen der ein vil satsa på etablering av attraktive bu- og oppvekstmiljø.
- ▶ Det skal drivast ein aktiv næringspolitikk som bygger opp under dei næringsmessige fortrinna som finnes i Granvin i dag. Dette gjeld særleg skog- og jordbruk med tilhøyrande næringskjede, lokal foredling og lokal entreprenørverksemd.
- ▶ Ein skal arbeide for utbetring og rassikring av FV 7 på heile strekninga mellom Øystese og Granvin.
- ▶ Til liks med dei andre grendene i den nye kommunen skal det etablerast eit eller fleire grendeutval som gjennom høyringsuttalar, innspel til kommunale planar og gjennom eigene initiativ til saker og tiltak, fungera som innbyggjarane sitt talerøyr opp mot den nye kommunen.
- ▶ Administrasjonen av Granvin blir lagt til det nye administrasjonssenteret i Norheimsund. Tenleg etterbruk, eventuell sal av heradshuset i Granvin skal utgreiast.
- ▶ Primærtenester som barnehagen, 1-10 skule, sjukeheim og heimetenester skal oppretthaldast i Granvin.
- ▶ Helsetenestene skal samordnast med den nye kommunen. Det skal vere eit utekontor for legetenesta i Granvin.

Tilleggsavtale med Granvin og Kvam/Jondal (2)

- ▶ Vedtatt av kommunestyret i Kvam 10.05.16 og Jondal 11.05.16.
- ▶ Avtala trer i kraft dersom vedtaka i alle kommunane endar med samanslåing med Kvam.
- ▶ Påverkar ingen punkt i den inngåtte intensjonsavtalen mellom Kvam og Jondal.

Avtala mellom H, FrP og V om nytt inntektssystem for kommunane

- ▶ Reduksjonen i basistilskot vert halvert.
- ▶ 200 millionar årleg vert avsett til kommunar med minst 9 000 - 10 000 innbyggjarar og som vert eit «tyngdepunkt» i sin region.
- ▶ Auke i midlar til infrastrukturtiltak i samanslåtte kommunar, 50 mill i 2016, 100 mill i 2017.
- ▶ Utflytting av statlege arbeidsplassar.

Utslag nytt inntektsystem (kr pr innbyggjar)

Ved å stå åleine	Frie inntekter 2016	Regional politiske tilskot	Strukturtilskot	Kostnadsnøklar	Sum verknader 2017
Kvam	56 777	119	-236	-118	385
Jondal	73 127	15	243	697	1 575
Ullensvang	64 002	-278	107	-434	320
Odda	56 211	65	-422	208	471

Konsekvensar av nytt inntektsystem

- ▶ Jondal vert framleis som «ufriviljug liten» og tapar ikkje på omlegginga.
- ▶ Ca 250 kommunar «tapar» på omlegginga, dei fleste er mellomstore distriktskommunar med mellom 10 000 og 20 000 innbyggjarar.
- ▶ Storbyane tener mest på omlegginga.
- ▶ 645 millionar kroner vert omfordelt mellom kommunane.